

BØMLO KOMMUNE
Rådhuset Leirdalen 1
5430 BREMNESDato: 04.05.2017
Vår ref.: 2016/9015-20
Saksbehandlar: solrong
Dykkar ref.:

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2017 - Hordaland fylke - Bømlo kommune - Sökkamyro - Tildeling av tilskot

Me viser til dykkar søknad av 31.10.2016 og vårt mellombels svar av 18.11.2016 med stadfesting av motteken søknad.

Hordaland fylkeskommune har søkt Riksantikvaren om stønad til tiltak på utvalde arkeologiske kulturminne i Hordaland, jamfør prioriteringar gjort i vedtak av Utval for kultur, idrett og regional utvikling i politisk møte 6.12.2016, PS 162/2016. Riksantikvaren har øymerkt tilskot frå statsbudsjettet, kap. 1429 post 70 – BARK og BERG. Hordaland fylkeskommune gjer eit tilskot til prosjekt «Sökkamyro» på kr. **79.000,-**.

Prosjektet har fått ei mindre avkorting i høve til søknadssum. Avkortinga vert ikkje rekna som stor nok til å føra til endringar i prosjektet. Tilskotet skal nyttast til tiltak til formidling av Sökkamyro i tråd med innsendt søknad.

Informasjonsplikt

Tilskotsmottakar pliktar å setje seg inn i vilkåra for tildelinga, jamfør dokument vedlagt dette brevet. Dersom nokon av føresetnadene for prosjektet endrar seg skal Hordaland fylkeskommune underrettast skriftleg så snøgt som råd.

Tidsavgrensing

Tilsegn om tilskot er gitt for inneverande år, og kan overførast til neste år etter søknad. Dersom arbeidet skjer over fleire år må det sendast statusrapport med søknad om eventuell overføring av midlar.

Arbeidsgjevaransvar

Søklar må sjølv stå som arbeidsgjevar for eventuell innleigd arbeidskraft. Rekningar skal adresserast til søklar, som må forskottera utbetalinga.

Skjøtselsplan og godkjenning av arbeid

For alle tiltak skal det liggja føre godkjent skjøtselsplan, eller vera skjøtselsplan under utarbeiding som del av prosjektet. Dersom det ikkje ligg føre godkjent skjøtselsplan må arbeidet vera godkjent av Hordaland fylkeskommune før oppstart. Fylkeskommunen avklarar kor vidt tiltak må godkjennast av Riksantikvaren.

Tilskotsreglementet

Med tilvising til tilskotsreglementet § 10 gjer me merksam på at Hordaland fylkeskommunen har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert brukt etter føresetnadene.

Vilkår for utbetaling av tilskot, rapportering og rekneskap

Tilskotet kan utbetalast etter kvart som tiltaka er utført, og førespurnad om utbetaling er sendt fylkeskommunen. Førespurnad må innehalda dokumentasjon på at arbeidet/tiltaka/prosjektet er iverksett eller utført. Mottakar må samstundes dokumentera at anna finansiering er i orden i høve til finansieringsplanen, samt mellombels rekneskap. Fylkeskommunen vidare sender dette til Riksantikvaren.

Ved endringar i finansieringsplanen må fylkeskommunen varslast skriftleg med ein gong. Fylkeskommunen tek atterhald om at heile eller delar av tilskotsbeløpet kan verte halde attende til sluttrekneskap og rapport er motteken.

Krav om utbetaling av tilskot, rapport og rekneskap må vera fylkeskommunen i hende seinast 15. oktober 2017. Det må søkjast om eventuell overføring av unytta tilskot innan same frist. Det skal leverast sluttrapport og sluttrekneskap for prosjektet, med skildring og illustrasjon av utførte tiltak og resultat. Anna finansiering skal visast i rekneskapet. Me ber om at eit utval digitale foto frå utførte prosjekt føl rapporten.

Tilbakebetaling

Me tar atterhald om at tilskotet kan verte kravd betalt attende, heilt eller delvis, dersom det syner seg at mottakar har gjeve urette opplysningar. Dette gjeld òg dersom kostnadene syner seg å verte vesentleg lågare enn budsjettert i søknaden, eller dersom tiltaket ikkje vert gjennomført som føreset.

Retningslinjer frå Riksantikvaren

Me legg ved retningslinjene frå Riksantikvaren, men gjer merksam på at de i denne saka skal kontakta **Hordaland fylkeskommune og ikkje Riksantikvaren**. For utbetaling av tilskot er det ein føresetnad at vilkåra både i dette brevet og i vedlegga vert akseptert. Me ber om skriftleg tilbakemelding på aksept av vilkår for tilskot innan 4. veker frå dette brevet vert motteke.

Me legg ved skjemaet **aksept av vilkår for tilskot** som må returnerast kultur- og idrettsavdelinga. Vedtaket kan påklagast til fylkeskommunen, jf. Forvaltningsloven § 28. Ei eventuell klage skal stilast til Hordaland fylkeskommunen innan tre – 3 veker frå mottaking av dette brevet.

Per Morten Ekerhovd
kst. Fylkesdirektør kultur og idrett

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2017 - Hordaland fylke - Bømlo kommune - Sokkamyro - Akseptskjema
- 2 Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2017 - Hordaland fylke - Bømlo kommune - Sokkamyro - Retningslinjer om tilskot